



Meland kommune
Postboks 79
5906 Frekhaug

Varsel om pålegg om undersøking, nedlagt fyllplass på Moldekleiv, gnr. 27 bnr. 5, Meland kommune

Fylkesmannen i Hordaland varslar med dette at vi med heimel i § 51 i forureiningslova vurderer å påleggja Meland kommune å gjennomføra ei undersøking av grunnforureining på lokaliteten Moldekleiv søppelfylling (4194), gnr. 27 bnr. 5 i Meland kommune. Eventuelle merknader til varselet må sendast Fylkesmannen innan 31. desember 2018.

Vi viser til synfaring saman med Marius Flemmen Knudsen og Kristin Mo frå Meland kommune 2. mai 2018. Med på synfaringa var og grunneigar Svein Ole Kvamme Tjore.

Bakgrunn

Meland kommune dreiv deponi for hushaldsavfall på gnr. 27 bnr. 5 frå midt på 1970-talet og ei tid frametter. Vi kjenner ikkje til når deponiet vart avslutta. Nordhordland og Gulen Interkommunale Renovasjonsselskap vart etter opplysningar i Brønnøysundregisteret stifta 26. juni 1981, og Meland kommune leverer i dag hushaldsavfall dit.

Noverande eigar av gnr. 27 bnr. 5 ynskjer å ta i bruk arealet til beite.

Lokaliteten vart registrert i Grunnforurensningsdatabasen¹ den 27. april 2011, men vart den gongen registrert på eigedomen gnr. 27 bnr. 1. Dette blei retta opp etter synfaringa 2. mai i år.

Notat etter synfaringa 2. mai i år er vedlagt.

Fylkesmannens vurderingar

Observasjonane under synfaringa syner etter vår meining at det må vurderast tiltak mot spreiding av forureining m.v. frå den nedlagde fyllplassen. På grunn av noverande eigar sine planar om å bruka arealet som beiteområde må det også avklarast om det må setjast inn tiltak for å leggja til rette for slik bruk.

Det trengst derfor fleire opplysningar for å kunna fastslå om og i kva grad denne lokaliteten representerer forureining eller fare for forureining, og korleis dette eventuelt kan motverkast.

Den beste måten å få fram slike opplysningar på vil vera at det blir gjennomført ei undersøking av lokaliteten etter «NS-ISO 10381-5 veiledning for fremgangsmåte for

¹ <https://grunnforurensning.miljodirektoratet.no/>.

undersøkelse av grunnforurensning på urbane og industrielle lokaliteter» (nedanfor kalt standarden) og relevante Miljødirektoratet-rettleiarar.

Vurdering av ansvarleg

Den ansvarlege vil normalt vera den som er eller har vore forureinar. Det går fram av dokument vi har fått tilgang til frå Meland kommune at det var kommunen som i si tid fekk oppretta deponiet og dreiv det som mottak for hushaldsavfall og noko industriavfall.

Den ansvarlege for forureininga er etter § 7 første ledd den som har, gjer eller set i verk noko som kan medføra fare for forureining. Meland kommune hadde mellombels løyve etter forureiningslova til å oppretta og driva deponiet.

Ein forureinar kan ikkje fritta seg for ansvaret sitt ved å inngå privatrettslege avtalar.²

Vi ser derfor på Meland kommune for ansvarleg for det nedlagte deponiet på Moldekleiv.

Varsel om pålegg

Fylkesmannen varslar med dette at vi vurderer å påleggja Meland kommune, med heimel i § 51 i forureiningslova³, å få gjennomført ei undersøking av det aktuelle arealet på gnr. 27 bnr. 5 i Meland kommune. Ei slik undersøking skal først og fremst omfatta:

- Beskriva lokaliteten, gjera greie for noverande og tidlegare aktivitet på området, areal, volum og typar avfall som er deponert, framtidig arealbruk og eventuelle helse- og miljøkonfliktar
- Vurdering av forureiningssituasjonen med kjelder til forureining, spreingsvegar og mogelege effektar som kan oppstå. Dersom slike effektar har oppstått eller kan påvisast skal dei beskrivast
- Relevante undersøkingar og prøvetaking av vatn, jord m.v.
- Vurdering av helserisiko, helsebaserte tilstandsklassar etter rettleiar TA-2553/2009 frå Miljødirektoratet
- Om dagens eller framtidig bruk av området eller spreiring av forureiningar utløyser behov for å gjennomføra tiltak

Nødvendig dokumentasjon skal leggjast ved rapporten.

Kommentar til dette varselet kan sendast til Fylkesmannen i Hordaland innan 31. desember 2018, anten til epost-adresse fmhopostmottak@fylkesmannen.no eller til Fylkesmannen i Hordaland, Postboks 7310, 5020 Bergen.

Med helsing

Astrid Holte
senioringeniør

Hallvard Hageberg
senioringeniør

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

² Ref. dom 2010-03-10. Rt 2010 306. Norges høyesterett – avsnitt (82)

³ Lov om vern mot forurensninger og om avfall av 13. mars 1981.

Kopi til:

Miljødirektoratet

Svein Ole Kvamme Tjore

Postboks 5672 Sluppen

Moldekleiv 52

7485

5918

TRONDHEIM

Frekhaug